



Konfirmantar, sokneprest og kyrkjelydssekretær etter gudstenesta

Sjeldan har det vore ei så strålende ramme rundt ein konfirmasjon som i Uskedalen i føremiddag med omsyn til ver og temperatur og difor vert dette ein festdag av dei sjeldne.

Dette er dei 15 som vart konfirmerte:

Karen Pedersen Brede
Joakim Dagestad
Markus Dagestad
Malin Bakke Eik
Karsten Andre Haugland
Solveig Haugland
Malin Saghaug Kjerpeseth
Sondre Kjærland
Ingvill Erland Myklebust
Sondre Stensletten Myklebust
Martin Yri Røssland
Kathrine Saghaug
Endre Skjelnes
Roberth Nilsen Stensletten
Kristine Tveit

To uskedelingar vert konfirmert ved eit seinare høve. Frida Nybakk står konfirmant i Kvinnherad kyrkje laurdag 3.mai og Emil Bakke Berntsen vert konfirmert i Ænes kyrkje 10.mai.

Sokneprest Sven Harald Nilsen og kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark hadde ansvaret for det seremonielle og kantor Eva Megyesi sat ved orgelet i ei kyrkje som var nesten fullsett.

Programmet var det tradisjonelle, til dømes fekk kvar av konfirmantane ei rose som symbol på at dei vert sett pris på. Noko av det viktigaste soknepresten sa var at dei unge skal ta vare på jorda og kvarandre. Konfirmantlærer Heimark hadde også denne gongen det ein kan kalla muntre ålvorsord til konfirmantane. Høgdepunktet var då kvar einskild konfirmant tok plass ved alteretog fekk si eiga bøn medan det vart tent eit ljøs for ho eller han.



Prosesjonen med Heimark i spissen

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Prosesjonen på veg inn i kyrkja med soknepresten sist